

Verksemdsplan 2017 for Vest-Telemark PP-teneste

PPT for Seljord, Kviteid, Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje og Telemark fylkeskommune

Vest-Telemark PPT IKS Pedagogisk-psykologisk tenestekontor

Besøksadresse: Mylletorget, Garveriv. 14, Kviteid **Postadresse:** Postboks 43, 3836 Kviteid

Telefon: 35 06 83 00 **Telefaks:** 35 06 83 01 **Epost:** ppt@vest-telemark.no **Internett:** www.vesttelemarkppt.no
Org.nr. 987 570 806

Visjon: Ei tilpassa opplæring for alle

Hovudmål : Vest-Telemark PP-teneste skal vere ei kompetent og samarbeidande rådgivarteneste som bidrar til å styrke handlingskompetansen i barnehage, skole og lærebedrifter for å skape gode og stimulerande utviklings- og opplæringsmiljø gjennom tilpassa og inkluderande opplæringstilbod til alle barn, elevar, lærlingar og lære kandidatatar med særlege behov.

Vest-Telemark PPT dekker kommunane Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje. Det er 18 barnehagar og 17 barne og ungdomsskolar i distriktet, nokre av desse har underavdelingar. Vest-Telemark PPT to vidaregåande skolar i Vest-Telemark, ei av dei har to avdelingar plassert i to kommuner.

Sentrale styringsdokument for PP-tenesta er :

- Opplæringslova av 01.08.99 m. endringar
- Barnehagelova 17.06.2005 m. endringar
- St.meld. nr 18 (2010-2011) Læring og fellesskap
- St.meld. nr 16 (2006-2007) ...og ingen sto igjen Tidlig innsats for livslang læring
- St.meld 31 (2007-2008) Kvalitet i skolen
- Meld.St. 20 (2012-2013) På rett veg
- Læreplanverket for grunnskole og vidaregåande skole
- Veilederer til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning (Udir 2014).
- Prinsipper og prosedyrer for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning – Telemark Fylke
- Årshjul for Vest-Telemark PPT

Oppbygging av planen:

Visjonen omtalar den retninga PP-tenesta jobbar mot.

Hovudmål og delmål er dei måla vi sett for arbeidet, desse må sjåast i eit langsiktig perspektiv. Måla blir konkretisert i tiltaksdelen som gjeld for 2017. Det er og utvikla interne retningslinjer for systemarbeid og arbeid med individsaker, dette for å hjelpe oss og nå dei måla som er sette i verksemdsplanen.

I kva grad vi har nådd måla, vil bli evaluert ved utgangen av året.

Fokusområde: Systemretta arbeid

Delmål 1

PPT skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge barnehagetilbodet for barn med særlege behov.

| Tiltak knytt til Delmål 1 | Ansvar |
|---|--------------------------------------|
| <p>PPT skal ha faste kontaktpersonar i kommunane som samarbeider systemretta i tråd med "Retningslinjene for <i>Forum for systemretta arbeid i barnehage</i>" (FSB). <i>Retningslinjene fokuserer på førebyggjande arbeid, tidleg innsats, førtilmeldingsarbeidet, kompetanseheving og organisasjonsutvikling.</i></p> <ul style="list-style-type: none">• Komme inn og rettleie på eit tidleg nivå i forkant av problem og utviklingsvanskar.• Rettleie i forhold til tilrettelegging og utviklingsstøtte for barn med utfordringar.• Ved behov rådgje barnehagane i førtilmeldingsarbeidet. | Kontaktperson i FSB |
| <p>PPT sitt «Tidleg innsatsteam» tilbyr systemretta rettleiing til barnehagar på grunnlag av meldt behov i FSB. Tilbodet er eit lågterskeltilbod, og inneberer relativt avgrensa rettleiing. Behov for meir omfattande systemrettleiing kan meldast på meldeskjema.</p> <ul style="list-style-type: none">• Hjelpje barnehagen med å analysere betingelser og konteksten rundt det enkelte barnet/gruppe(analysemodellen, mm.)• Rettleiing og opplæring retta mot opplæringsmiljøet, dei generelle pedagogiske aktivitetane, vaksenrolla eller dei særlege vanskane barnet/gruppa viser. | Merete og Britt Ellen |
| <p>PPT skal medverke til kompetanseutvikling innan område som er aktuelle for å legge til rette for barn med særskilde behov.</p> <ul style="list-style-type: none">• Ved behov rådgje barnehagen i systemretta endringsarbeid.• Gi ein innføring i aktuelle fagtema.• PPT kan ta initiativ til eller i samarbeide med barnehagane om fagnettverk på aktuelle faglege utviklingsområde for barnehagen. | Kontaktperson i FSB Barnehageteam |

Delmål 2

PPT skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

| Tiltak i grunnskolen knytt til Delmål 2 | Ansvar |
|---|---------------------------------|
| PPT skal ha faste kontaktpersonar på alle skolar i distriktet. Gjennom kontaktpersonordninga ønskjer PPT å halde god kontakt med den enkelte skolen og medverke til at det vert etablert gode rutinar for samarbeid mellom skolane og PPT. <i>Oppgåvene til Kontaktpersonen er nedfelt i "Retningslinjer for kontaktpersonordninga" og "Årshjul for arbeidet i Vest-Telemark PPT"</i> | Kontaktperson |
| PPT skal tilby fast kontakttid ved skolane (16.skoler pr. jan 2015). Med fast kontakttid ønskjer PPT å vere meir tilgjengeleg for tilsette i skolane. PPT vil ha fokus på førebyggjande arbeid og tidleg innsats slik at skolen i størst mulig grad kjem i forkant av problem og lærevanskar. Dvs: <ul style="list-style-type: none">• Komme inn/retteleie på eit tidleg nivå i forkant av problem og lærevanskar. Gi råd om korleis situasjonen kan avhjelpast innanfor ordinær opplæring.• Hjelpe skolen med å analysere betingelser og konteksten rundt det enkelte barnet(analysemodellen)• Kompetansespreiing og retteleie i forhold til læringsmiljø, klasseleiing, faglig tilrettelegging, utvikling av sosial kompetanse og førebyggjande arbeid.• Rådgje skolane i førtilmeldingsarbeidet. | Kontaktperson |
| Behov for meir omfattande systemretteiing kan meldes på meldeskjema. | |
| PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for barn og unge med særskilte opplæringsbehov. <i>Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar.</i> | Kontaktperson/ sakshandsamar |
| PPT vil ta initiativ til fagnettverk på aktuelle faglege utviklingsområde for skolen. Vår 2017 fagnettverk om opplæring minoritetsspråklige og Leik som metode i møte med barn med reguleringsvanskar | |
| PPT skal delta i aktuelle møteplasser for info, dialog og samarbeid. <i>Eks: Forum for utdanning (omfattar barnehage, gr.skole og VGO), andre møte i kommunane.</i> | Torunn |

| Tiltak i vidaregåande opplæring knytt til Delmål 2 | Ansvar |
|--|---|
| <p>PPT skal ha faste kontaktpersonar på dei vidaregåande skolane. Gjennom kontaktpersonordninga skal PPT halde god kontakt med skolane og arbeide i tråd med inngåtte samarbeidsavtalar med skolane, rutinebeskrivingar samt «Prinsipp og prosedyrar for spesialundervisning i Telemark».</p> <p><i>Jf. Styringsdokument, rutinar og rettleiarar gjeldande for Telemark fylkeskommune</i></p> | <p>Torunn Einar Kontaktpers.</p> |
| <p>PPT har fast kontakttid på vidaregåande skole. I kontakttid ønskjer PPT å vere tilgjengeleg for tilsette i skolen. PPT vil da ha fokus på førebyggjande arbeid slik at skolen i størst mulig grad kjem i forkant av problem og lærevanskar. Dvs:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Komme inn og rettleie på eit tidleg nivå i forkant av problem og lærevanskar. Gi råd om korleis situasjonen kan avhjelpast innanfor ordinær opplæring.</i> • <i>Hjelpe skolen med å analysere betingelser og konteksten rundt den enkelte elev (analysemodellen)</i> • <i>Kompetansespreiing og rettleie i forhold til læringsmiljø, klasseleiing, faglig tilrettelegging, utvikling av sosial kompetanse og fførebyggjande arbeid.</i> • <i>Rådgje skolane i førtilmeldingsarbeidet.</i> | <p>Alle Avhengig av kompetanse</p> |
| <p>PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for elevar, lærlingar og lære kandidatatar med særskilte behov.</p> <p><i>Gjeld for opplæringa i gjeldande skole/lærebedrift og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar.</i></p> <p><i>Eks. Rutinar for samarbeid om lære kandidatatar, Regionale samlingar</i></p> | <p>Torunn, Einar Regional samlig obligatorisk for dei som jobbar inn mot usk+vgsk</p> |
| <p>PPT skal så langt råd er delta på dei aktuelle møteplassane for info, samarbeid og kompetanseutvikling som fylkeskommunen legg opp til.</p> <p><i>Gjeld T- leier samling, leiarmøte, mm.</i></p> | <p>Torunn Einar</p> |
| <p>PPT skal samarbeide med dei andre PPT-kontora i fylket, som yter tenester til dei vidaregåande skolane, for å utvikle ein eins praksis overfor skolane.</p> <p><i>Nettverksmøte inntil fire g. pr. år</i></p> | <p>Torunn Einar</p> |

| Tiltak som gjeld alle knytt til Delmål 1 og 2 | Ansvar |
|---|--|
| <p>PPT skal delta på møteplassar for dialog og samhandling med andre offentlege hjelpetenester. Dette for å bidra til at hjelpetenestane har godt kjennskap til dei ulike tenestane og slik bidra til at barn og deira familiar skal få heilskapleg og koordinert hjelp til rett tid.</p> | <p>Torunn Andre</p> |
| <p>PPT vil gi informasjon om tenestetilbodet og til barnehagar, skolar og andre brukarar gjennom PPT si heimeside.</p> <p>PPT formidlar også aktuelt fagstoff på Facebook (<i>Vest-Telemark PPT</i>).</p> | <p>Torunn i samarbeid med VTNU</p> |

Fokusområde: Individretta arbeid

Delmål 3

PPT skal som sakkunnig instans medverke til at barn, unge og vaksne med særskilde behov får ei likeverdig opplæring.

| Tiltak knytt til Delmål 3 | Ansvar |
|---|-------------------------|
| Sakkunnig vurdering skal gjennomførast i tråd med lovverk, Utdanningsdirektoratets rettleiar og interne retningslinjer for arbeidet. Dette gjeld sakshandsamingsprosedyrar, behandlingstid (innan 3. mnd.), gjennomføring, utgreiing og skriftleg framstilling. | Alle |
| PPT skal utarbeide sakkunnig vurdering av høg kvalitet som gir godt grunnlag for å avgjere om det skal fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, eller om det skal settast inn tiltak innanfor ramma av ordinær opplæring. Dette sikrast gjennom regelmessig rettleiing og drøfting av sakkunnig vurdering i fagmøte. | Alle |
| Sakkunnig vurdering skal gi godt grunnlag for utarbeiding av IOP og plan for spesialpedagogisk hjelp. Realistiske opplæringsmål, tiltak og organisering av tiltaka skal komme tydeleg fram i tilrådinga. Ev. behov for særleg kompetanse skal komme fram. <ul style="list-style-type: none">• PPT skal i si vurdering bygge på ny evidensbasert kunnskap.• Analyse og vurdering av barnets /elevens heilskaplege læringsmiljø skal ha fokus i sakkunnige vurderingane. | Alle |
| PPT er sakkunnig instans for vaksne med rett etter opplæringslova § 4A-2. | Einar, Merete Torunn |

Fokusområde: Læring og utvikling av tenesta.

Delmål 4

PPT skal vere ein lærande organisasjon som vidareutviklar sin kompetanse og sine strategiar, for gjennom dette å kunne gi stadig betre tenestar.

| Tiltak knytt til Delmål 4 | Ansvar |
|---|--|
| <p>PPT vil fortsatt arbeide intern og eksternt for å vidareutvikle det systemretta tenestetilbodet til brukarane, dette handlar om å vere tilgjengeleg for brukarane, vidareutvikle strategiar for førebyggjande arbeid, bidra til tidleg innsats og med kompetanseutvikling.</p> <p>Tiltak er avsett og planlagt tid, 3 timar pr. mnd, til felles fagleg fordjuping:</p> <ul style="list-style-type: none">• Fagleg fordjuping ved bruk av Utdanningsdirektoratets læringsressurs på nett, Sevu PPT, tema «Organisasjonsutvikling og endringsarbeid» samt «Læringsmiljø og gruppeleiing».• Evaluering og vidareutvikling av arbeidet i dei systemretta tiltaka vi har i dag slik som FSB og «Tidleg innsatsteam» i barnehage og kontaktpersonordninga, TPO-team og kontakttid i skolen. | Torunn Alle |
| <p>PPT vil ha fokus på den faglege og den informative kvaliteten av dei sakkunnige vurderingane jf. mål under individretta arbeid, gjennom regelmessig arbeid i fagmøte.</p> | Torunn Alle |
| <p>Framtidas PP-teneste er tema for felles etterutdannings for PPT i Telemark. Dette er del av «Strategi for etter- og vidareutdanning av tilsette i PPT (SEVU-PPT)» meld først i St.meld 18 (2010-2011)Læring og fellesskap. Formålet er å styrke kompetansen og bidra til større fokus på systemretta arbeid i PPT.</p> <ul style="list-style-type: none">• Felles forelesningar og arbeid på kvart kontor mellom desse.• Gjennomføring haust 2017.Planlagt vidareført vår 2018 | Torunn Alle |
| <p>Ved behov for faglig oppdatering kan tilsette delta i kurs innan ulike faglige tema aktuelle for arbeidet i PPT.</p> | |
| <p>PPT skal delta i fagnettverk for PPT- tilsette i Telemark ein til to gonger pr. år, dette gjeld ulike fagnettverk som barnehagenettverket, nettverk for vaksenopplæring, mm</p> | Ansvar og deltaking etter arbeidsoppgåver i PPT |

